



Dette bildet vart teke frå Korsnes då 40 båtar var undervegs mot Rosendal sist sommar

**Sidan 1. mai i 2010 har det vore obligatorisk med båtførarbevis for alle som er født etter 1979 og som har lengre båt enn 8 meter eller større motor enn 25 hestekrefter.**

**Dette utløyste ein omfattande opplæring landet rundt og det vart til dømes avvikla kurs med mange deltakarar på Husnes i 2009. 6 uskedelingar sikra seg då båtførarbeviset.**

**No har Audun Bergersen i Maritim Kompetanse inngått avtale om leie av lokale for kurs i Rosendal og han ynskjer å få oversikt over eventuell interesse også i Uskedalen og omegn**

For å få veta meir om tilbodet kan du klikka på [maritimkomp.no](http://maritimkomp.no) eller ringa 905 60190. Då får du mellom anna veta det dette er eitt intensivkurs på 9 timar.

Maritim Kompetanse er å finna i fleire byar men har hovudbasen i Ålesund.

Av Ola Matti Mathisen